



KSK-notat nr.:20/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søkjar/sak:	Hestenes Kraft AS/Hestenes kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gloppen	
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:
Sakshandsamar:	Katarina Eftevand	Sign.:
Dato:	26 MAR 2012	
Vår ref.:	NVE 200801024-23	
Sendast til:	Søkjar og alle som har uttala seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til utbygging og drift av Hestenes kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høringsuttalar	4
Søkjar sin kommentar til høringsuttalane	7
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknadar	9
NVE si vurdering	12
NVE sin konklusjon	175
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	18

Samandrag

Hestenes Kraft AS har søkt om løyve til å utnytte eit fall i Storelva på 292 m mellom inntaket på kote 307 og kraftstasjonen på kote 15. Tre mindre sidebekkar til Storelva blir ført inn til inntaket. Kraftverk vil etter omsøkt plan få ein installert effekt på 1,8 MW og gje om lag 6,3 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Røygata til kraftverket vil med varierande avstand følgje terrenget langs med elva og vil bli nedgraven på heile strekninga. I søknaden er det ikkje lagt opp til å sleppe minstevassføring forbi inntaket til kraftverket eller i dei bekkane som vert overført til hovudinntaket.

Gloppen kommune har ikkje merknader til at Hestenes Kraft AS får konsesjon som omsøkt. Kommunen legg til grunn at det blir stilt vilkår om minstevassføring, at vassforsyninga til lokale vassverk blir sikra og at det blir stilt krav om tiltak for å dempe støy frå kraftstasjonen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser, og i høve til lakse- og innlandsfiskelova. Ein føresetnad for tilrådinga er konsesjonsfesta vilkår om minstevassføring på utbyggingsstrekka gjennom heile året. På grunn av sjøaurestrekka i nedre del av elva tilråder fylkesmannen at det blir stilt vilkår om forbisleppingsventil i kraftstasjonen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gjeve løyve til utbygging. Fylkeskommunen vektlegg dei økonomiske fordelane ved tiltaket og at kraftverket såleis vil styrke næringsgrunnlaget lokalt. Det blir i fråsegna peika på at det i løyvet bør settast vilkår om minstevassføring.

Sogn og Fjordane Turlag konkluderer med at utbygginga er så lite i konflikt med friluftslivet, at den blir vurdert som akseptabel. I fråsegna er det vist til vilkår om minstevassføring og at det må vurderast nærmere kva som skal vere nøyaktig plassering av inntak med overføring av dei 3 bekkane.

Statens Vegvesen viser til krav om godkjenning for avkørysle til kraftstasjonen.

Eikenes og Hestenes vassverk stiller krav om at det må sikrast tilstrekkeleg og stabil vasstilgong til dei to vassverka som i dag hentar vatn frå Storelva. Det er også med i fråsegna at kvalitet på vatnet ikkje må foringast.

Gustav B. Skjerdal som ved eventuell utbygging vil bli nær nabo til kraftstasjonen, ber innstendig om at det må bli stilt krav om akseptabel støydemping ved drift av kraftverket. Tilsvarande er det vist til vilkår om støydemping i fråsegn frå andre grunneigarar på Hestenes.

Sogn og Fjordane Energi Nett AS viser til at det er sett i gang nettforsterking og tiltak for å auke transformatorkapasitet i det aktuelle området. Det er teke omsyn til planane for utbygging av Hestenes kraftverk.

Ei utbygging etter framlagte planar vil gi om lag 6,3 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon. Krav om ei viss minstevassføring vil redusere dette noko, ca. 0,6 GWh dersom det vert sett krav slik som mellom anna fylkesmannen ber om. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er ein vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer ny produksjon frå småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang de seinare år. De to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny fornybar energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ein eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av stor verdi eller dersom de kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast konsesjon til tiltaket. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi. Tiltaket vil også gi varige inntekter til søkjar, grunneigarane og kommunen.

Med ei utbygging av det planlagte kraftverket der det blir lagt vekt på eit godt landskapsmessig resultat og med krav om minstevassføring på utbyggingsstrekka og omløpsventil i kraftverket, meiner NVE at konsekvensane ved utbygginga vil vere akseptable for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser.

NVE meiner at fordelar ved utbygging av det omsøkte kraftverket er større enn skader og ulempar for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Hestenes kraft AS løyve til å bygge Hestenes kraftverk med overføring av tre sidebekkar, på nærmere fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Hestenes Kraft AS, datert 10.02.2008:

Hestenes Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Storelva på Hestnesøyra i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova , jf. §8, om løyve til:

- å overføre 3 mindre bekker til inntaket for Hestenes kraftverk
- å bygge Hestenes kraftverk

2. Etter ureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket

Hestenes kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørdfelt	km ²	5,6
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	15,1
Middelvassføring	m ³ /s	0,48
Alminneleg lågvassføring	l/s	28
5-persentil sommar (1/5-30/9)	. l/s	74
5-persentil vinter (1/10-30/4)	. l/s	19

KRAFTVERK		
Inntak	moh.	307
Avlaup	moh.	15
Brutto fallhøgd	m	292
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,49
Slukeevne, maks	m ³ /s el. l/s	0,78
Slukeevne, min	m ³ /s el. l/s	0,05
Tilløpsrør, diameter	mm	600
Tilløpsrør, lengde	m	1830
Installert effekt, maks	MW	1,8
Brukstid	timer	3500

PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,67
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,64
Produksjon, årleg middel	GWh	6,30

ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	12,0
Utbyggingspris	kr/kWh	1,90

Hestenes kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	2
Spanning	kV	<1

TRANSFORMATOR

<i>Yting</i>	<i>MVA</i>	2
<i>Omsetning</i>	<i>kV/kV</i>	<1/23

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

<i>Lengde</i>	<i>m</i>	150
<i>Nominell spenning</i>	<i>kV</i>	23
<i>jordkabel</i>		

Høyningsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 21.06.2010 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, og grunneigarane. Søkjar har fått høve til å kommentere høyningsuttalane.

NVE har motteke følgjande fråsegner til søknaden:

Gloppen kommune behandla søknaden i kommunestyret den 28.04.2008 og gjorde slikt vedtak:

"Gloppen kommunestyre har ingen merknader til at Hestenes Kraft AS får konsesjon for bygging av Hestenes kraftverk slik det går fram av søknaden av 10.02.2008. Kommunestyret legg til grunn at det i konsesjonsløyvet vert stilt krav om tilfredsstillande minstevassføring og at Eikenes vassverk og Hestenes vassverk vert sikra både rikeleg vatn og vatn av god kvalitet, både i utbyggingsfasen og seinare. Kommunestyret ber også om at det i konsesjonsløyvet vert stilt krav om tilfredsstillande støyreduserande tiltak av kraftstasjonen, då denne er tenkt plassert i nærleiken av busetnad."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalar i brev av 25.06.2008:

"Med føresetnad om at det vert kravd minstevassføring i elva heile året, vurderar Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser, og i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Ved ev. utbygging må det leggast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Minstevassføring bør vere minimum 5-persentilen for å ivareta bekkekloftmiljø og sjøaure. Det bør vere mogleg å tilpasse utbygginga/plassere inntaket slik at ein unngår inngrep i det viktige naturmiljøet ved Nygjølvadet. Kantvegetasjon langs elva må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova. Der vegen og røyrgata skal gå langs kanten av gjellet ned til elva, må det takast særleg omsyn slik at ikkje massane vert velta nedover skråninga ned til elva. På grunn av sjøaurestreking nedst vil vi sterkt rå til at det vert kravd forbisleppingsventil som sikrar at det ikkje vert brå vasstandsendringar i elva dersom kraftverket stoppar."

Sogn og Fjordane Fylkeskommune fatta fylgjande vedtak i fylkesutvalet den 02.09.2008:

".....

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at løyve vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.*

2. *Det bør settast krav om minstevassføring tilsvarende femte lågaste vassføring om sommaren og om vinteren (ca. 70 liter/sek og 20 liter/sek). Evt. problem knytt til turbinstøy ved bustadhus skal førebyggast."*

Sogn og Fjordane Turlag, brev av 21.04.2008

"Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Utbygginga er i så lite konflikt med friluftslivet, at den akseptabel sett frå vår synsstad.

Dei mest aktuelle vurderingane NVE må gjere, er - slik vi ser det - følgjande:

- *Nøyaktig kvar skal inntaket plasserast?*
- *Skal 0, 1, 2 eller 3 bekkar overførast til inntaket?*
- *Kor stor skal minstevassføringa vere? Skal det vere heilårs minstevassføring?*
- *Kor stor vekt skal ein legge på omsynet til lok. nr. 1. Nygjølvadet?*
- *Kor stor vekt skal ein legge på omsynet til lok. nr. 2. Storelva?*

Alle desse problemstillingane heng saman, og må derfor sjåast i samanheng."

Statens Vegvesen skriv i brev av 25.04.2008:

"Det kjem fram av dokumenta at det skal lagast ei ny avkørysle til kraftstasjonen. Det er ikkje høve til å byggja avkørysle før Statens vegvesen har gitt eit positivt vedtak etter § 40 i veglova. Det må søkjast om å byggje ny avkørysle frå rv. 615. Avkørysla skal godkjennast før bruk, dvs, at dersom arbeid med bygging av kraftverket treng avkørysle, skal det som her er nemnt føre vere utfør.".

Grunneigarane i Devik uttalar i brev av 20.04.2008:

"I nedbørsfeltet til kraftverket er Støylsvatnet med tilhøyrande nedbørsfelt teke med. Vi vil peike på at dette vatnet frå gamalt er rekna som Devik sin vassrett. Tidleg på 1800-talet vart det bygd ei demning av stein og jord ved vatnet sitt naturlege utløp i vest. Det vart vidare greve ut ein kanal frå austenden av vatnet til starten på elva som renn gjennom gamletunet i Devik. Mellom kanalen og vatnet vart det laga ei treluke for regulering av vassmengda i kanalen. (Sjå vedlagt kart) Det vart også grafta i fjellsidene ovafor vatnet, for å auke tilsiget til Støylsvatnet. Alt dette arbeidet vart gjort for å sikre tilstrekkeleg kvernvatn til bygda, og eitid var her fire kverner i funksjon.

På grunn av manglande vedlikehald har det i mange år runne vatn i Støylsvatnet sitt naturlege utløp, mot Storelva. Det kan bli aktuelt å sette damanlegget i stand att, særleg med tanke på å sikre vatn til husdyra i bygda i tørre periodar. Andre bruksområde kan også bli aktuelle på sikt. Sjølv om vi for så vidt ikkje har noko i mot at det vert laga eit bekkeinntak for å føre dette vatnet inn i kraftverket, meiner vi dette vil vere ei unyttig investering dersom vi vel å sette i stand att demningen.

I utgangspunktet meiner vi difor at denne delen av planlagt utbygging ikkje bør gjennomførast. Alternativt kan vi vere interessert i å forhandle med grunneigarane på Hestenes om denne vassretten mot ein høveleg andel i kraftutbygginga."

Bjørn Kåre Eikenes uttalar i brev av 16.04.2008:

"Som gunneigar av g-nr 32/ b-nr 4 har eg følgjande merknader:

1. *Overføringsgrøft av "bekk I" er teikna inn på min eigedom, utan at eg er blitt forespurd. Dette er kanskje berre eit "uhell ", men eg tykkjer det er greitt å bemerke det.*

2. *Det står i søknaden at det ikke blir fiska i Storelva , dette er feil .Eg veit ikke kor mange hundre timar eg sjølv har fiska der, og no tek mine og andre sine born over. Sjølv om auren er heller liten i snitt, er der fått fisk på bortimot kiloen. Eg ser det difor som sjølvsagt at det blir ei minstevassføring.*
3. *Eg ser av søknaden at ein del av nedslagsfeltet ligg på Gnr 34 Eikenes. Eg ser det då og som sjølvsagt at utbyggjinga av Hestenes kraftverk ikkje vil legge restriksjonar på seinare bruk av vårt eige vatn frå eige nedslagsfelt.*"

Grunneigarane uttaler dette i brev av 21.04.2008:

"Om Hestenes kraftverk likevel får bygge ut etter dei planane som føreligg, vil vi uttale følgjande:

Vi er glade for at den nedste delen av elva framleis får flyte fritt. Mange av oss går tur her og kan glede oss over rennande vatn - mykje eller lite - etter årstider og skiftande verlag. I dag er det elvesusen vi høyrer, og vi understrekar veldig sterkt at det også i framtida må vere dei naturleg lydane og ikkje lyden frå kraftverket som treffer oss, enten vi ruslar langs elva eller oppheld oss nokre titals- eller hundretals meter frå kraftstasjonen. Ut frå dette må det vere eit ufråvikeleg krav til utbyggjar at kraftverket vert bygt på ein slik måte at lyd og støy frå anlegget vert eliminert"

Eikenes Vassverk skriv i brev av 12.04.2008:

"Sikker tilgang på godt vatn vil i eit samfunnsperspektiv ha prioritet framfor alle andre gode formål. Eikenes vassverk har ikkje alternative vasskjelder til Storelva, og utbyggjinga av Hestenes kraftverk må difor gjerast på ein slik måte at abonnentane til Eikenes vassverk er sikra både rikeleg vatn og vatn av god kvalitet i framtida. Ut frå dette heilt sentrale synspunktet meiner vi at det må ligge føre ein signert avtale mellom Hestenes kraftverk og Eikenes vassverk før NVE gjev kraftverket konsesjon for utbygging."

Hestenes Vassverk uttalar i brev av 21.04.2008:

"Storelva som etter søknaden frå Hestenes Kraftverk skal utnyttast til vasskraft, er også vasskjelda til Hestenes Vassverk. Ved handsaming av søknaden må det takast omsyn til at bygging og drift av kraftverket ikkje får negative konsekvensar for vassverket.

Hestenes Vassverk stiller i den samanheng følgande krav:

1. *Tiltstrekkeleg og stabil vasstilgong til Hestenes Vassverk . Tilføring av vatn gjennom kraftverket si røyrgate som skissert må gje like sikker vasstilgang som i dag, og bør i tillegg behalde dagens inntaks som eit alternativ.*
2. *Vasskvaliteten må ikkje på nokon måte forringast, korkje under bygging eller drift av kraftverket.*
3. *Det er Hestenes Kraftverk sitt ansvar å sørge for at dei to ovanståande punkta vert overhelde, og at utnytting av Storelva til kraftformål ikkje medfører kostnader for vassverket og abonnentane."*

Gustav B. Skjerdal uttalar i brev av 30.04.2008:

"Dersom de vel å gje løyve til å bygge kraftverket så nært huset mitt, ber eg innstendig om at de set særstrenge krav til både val av turbinar, lydisolering og ventilasjonsanlegg. Eg vonar også at de set strenge vilkår til kva støynivå som er akseptabelt. Dette for å unngå at kraftverket gjer det uleveleg for meg og mine."

SFE Nett AS uttalar i brev av 11.04.2008

"I samband med bygging av Skjerdal kraftverk, har SFE Nett sett i gong nettforsterking av eksisterande 22 kV linje mellom Hestenesøyra og Sandane transformatorstasjon for å legge til rette for innmating av ny produksjon i området. Transformeringskapasiteten i Sandane transformatorstasjon må også aukast som følge av dette.

"Under planlegginga tek vi høgde for ein linjeforsterking som vil gje nettkapasitet til fleire potensielle kraftverk på strekninga Sandane - Hestenesøyra - Holme. Vi har teke omsyn til kraftverksplanar som vi kjenner til i området. Dette gjeld mellom anna Hestenes kraftverk som her vert konsesjonssøkt."

Søkjær sin kommentar til høyringsuttalane

Søkjær har i brev av 30.09.2008 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Vi har fylgjande kommentar til dei innkomne fråsegnene:

Sogn og Fordane Turlag si fråsegn 21.04.2008

Når det gjeld plassering av inntaket og overføring av bekkar, så heng dette saman. Inntaket er plassert av omsyn til tilhøva på staden (fjell) og av omsyn til den øvre delen av tilløpsrøret. Ei flytting av inntaket som Turlaget antyder ser vi på som svært ueheldig fordi tilhøva på staden ikkje er så gode og fordi den øvre delen av tilløpsrøret blir liggande i skrått terreng med større inngrep.

Overføring av bekkane er tatt med i konsesjonssøknaden som overføringar, men dette er ubetydelege inngrep som ikkje må overdimensjoneras når det gjeld miljømessige konsekvensar. Bekk 1 kan om ynskeleg overførast med eit 70 m langt nedgravd rør med inntak på kote 315. Bekkane står for ca 0,8 GWh årsproduksjon og dei er svært viktige for prosjektet.

Fylkesmannen si fråsegn 25.06.2008

Fylkesmannen rår til at det vert sett krav om forbisleppingsventil i kraftstasjonen med kapasitet på omlag 0,4 m³/s av omsyn til sjøaure. Det vert ikkje fiska nemnande sjøaure, men det er antatt at det føregår litt gyting. Føremålet med ein eventuell forbisleppingsventil må difor vere å ivareta gyte- og oppveksttilhøva for sjøauren. Den kapasiteten som Fylkesmannen angir tilsvarer nesten medelvassføringa i elva og er etter vår vurdering alt for høg.

Behovet for forbisleppingsventil må sjåast i samanheng med eventuelt krav om minstevassføring. Dersom det blir stilt krav om minstevassføring tilsvarande 5-persentilen, så meiner vi at minstevassføringa er stor nok til å ivareta gyte- og oppveksttilhøva for sjøauren. Å drifte ein så stor omløpsventil er ei stor teknisk utfordring med mange feilkjelder og resultatet kan bli at ventilen gjer meir skade enn gagn. Vassføringa i elva varierer fort og mykje i naturleg tilstand slik at sjøauren er tilpassa raske endringar og svært små vassføringar.

Eikenes og Hestenes vassverk sine fråsegner 12. og 21.04.2008

I konsesjonsøknaden er det ikkje planlagt minstevassføring og det er difor føresett at vassverka skal vassuttak frå tilløpsrøret til kraftverket.

Dersom det vert gitt pålegg om minstevassføring reknar vi med at denne blir så høg at den vil dekke behovet til vassverka (2-3 l/s til 30-40 husstander).

Ved behov kan vassverka få forsyning frå tilløpsrøret.

Vassverka ynskjer at det blir oppretta avtaler om vassuttak mm, men dette er vanskeleg før ein kjenner konsesjonsvilkåra for bl.a. minstevassføring. Vi viser til at vassverksinteressene uansett vil ha prioritet og det kan inngåast avtaler etter at det er gitt konsesjon.

Gustav Skjerdal m.fl sine fråsegner vedk. støy frå kraftstasjonen

I kraftstasjonen blir det produsert støy frå turbin (høgfrekvent peltonuling), frå generator (ulike frekvensar) og frå ventilasjonsvifter (lågfrekvens)

Støyen kan komme ut av kraftstasjonshuset gjennom avløpet, gjennom opningar i veggene (ved luftkjøling) og gjennom tak- og veggkonstruksjon. Ved bruk av betong eller andre harde materialer er det ein viss fare for resonans, dvs at ein lyd kan forsterkast gjennom huskonstruksjonen. Avstanden frå kraftstasjonen til nærmeste bustadhus (Gustav Skjerdal) er iflg. kartet 70 m. Kraftstasjonen er planlagt utstyrt med luftkjølt generator. Ved evt. Bruk av vasskjølt generator er det ikkje nødvendig med ventilasjonsvifter eller opningar i veggene. Vasskjøling vil medføre ein tilleggskostnad på 0,5 mill.kr. Kraftstasjonshuset er planlagt støyskjerma slik at støy ikkje kan merkast utanfor ein avstand på 50 m. Dette skal ein oppnå ved følgjande tiltak:

1. *Avløpet frå kraftstasjonen skal dykkast (vasslås) slik at det vert 100 % støyfritt.*
2. *Huset blir i det vesentlege utført med tak- og veggkonstruksjon av tre isolert med 15 cm lydisolasjon. Taket blir utført med torvtækking.*
3. *Avtrekksvifter (2 vanlege fjøsvifter) blir plassert på vegg mot nordaust og vifteopninga vil gå inn i den høge bakken og bli absorbert der. Om nødvendig kan vifteopningane utstyrrast med lydfeller.*
4. *Luftinntaket (1x1 m) til maskinrommet vert plassert nede på veggen mot sør aust (tilløpsrøret). Inntaket vert utstyrt med innvendig lydfelle og utvendig skjermveg mot sørvest (Gustav Skjerdal sitt bustadhus) om nødvendig.*

Som referanse kan visast til Kvitefella kraftverk som har tilsvarende utstyr og støynivå. Kraftstasjonshuset er her utført på tilsvarende måte, med luftopningane i veggene er ikke utstyrt med lydfeller og vasslåsen i avløpskanalen er ikkje teken i bruk (kan gjerast enkelt). Kraftverket i Stardalen (Veiteberg kraftverk) som det blir vist til har ein ulyd frå turbinen som blir forsterka gjennom huskonstruksjonen (betongvegg). Veiteberg kraftverk er utstyrt med ein Francisturbin som er vesentleg meir utsett for ulydar og resonans.

Grunneigarane i Devik si fråsegn 20.04.2008

Støylsvatnet har sitt naturlege avløp til Storelva på Hestnesøyra men noko av avløpet har vore kanalisert til Devik (kvernvatn) uten at det føreligg avtaler om dette. Avtalane som ligg ved fråsegna gjeld Eikenes vassverk og ikkje Støylsvatnet. Utbygginga av kraftverket berører ikkje Støylsvatnet og vi føreset at det ikkje vert sett i gang ulovlege tiltak som endrar avløpet frå vatnet.

Bjørn Kåre Eikenes si fråsegn 10.04.2008

Når det gjeld overføring av bekk 1 til inntaket, så kan det gjerast med eit 70 m langt nedgravd rør med inntak på kote 315. Gnr 32/4 vil då ikkje bli berørt av tiltaket. Bygging av Hestenes kraftverk vil ikkje medføre spesielle restriksjonar for unytta fallrettar eller bruk av vatn til andre formål.”

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Hestenes Kraft AS under stifting står som søker og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Om søknaden

Hestenes Kraft AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til å bygge Hestenes kraftverk med tilhørande anlegg. Søkjar ønskjer å utnytte vassfallet på 292 m mellom inntak på kote 307 og kraftstasjon på kote 15. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 1,8 MW og vil få ei midlare årsproduksjon på ca. 6,3 GWh.

Utbygging av Hestenes kraftverk krevjar løyve etter vassressurslova § 8. Løyve kan bare gjevast viss fordelane med tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser som vert råka i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. § 25.

Skildring av området og eksisterande inngrep i vassdraget

Utbyggingsområdet ligg på Hestnesøyra i Gloppe kommune i Sogn og Fjordane. Næraste tettstad er Sandane som ligg 15 km aust for Hestnesøyra. Storelva på Hestnesøyra får tilslaget frå Hestedalen og fjellområdet mellom Hyefjorden og Gloppefjorden. Elva renn i nordleg retning og har utløp i Nordfjorden ved Hestnesøyra. Nedbørfeltet er på 7,1 km² og medelvassføringa på 0,55 m³/s.

I Hestedalen ligg ein støl og det går skogsveg og ei større kraftlinje (66 kV) gjennom dalen. På den nedre delen renn elva i eit trangt og bratt gjel og ved utløpet mot sjøen er området prega av busetnad, landbruk, vegar og kraftlinjer.

Teknisk plan

Reguleringar og overføringer

Tiltaket medfører ikkje reguleringar eller overføringer frå andre vassdrag. To bekker som renn inn Storelva frå aust eit kort stykke nedafor inntaket, vert leia til inntaket ved negravde rør med lengde på ca. 30 m. Ein liten bekk vest for Storelva som deler seg i to løp, blir leia til inntaket ved å stenge det eine løpet. Bekkane har ikkje årssikker vassføring

Inntak

Kraftverksinntaket er plassert på kote 307 og det blir støpt ein låg betongterskel over elva med lengde 10 m og største høgde 1,5 m. Elva blir leia inn i ein 25 m lang kanal med bredde 6 m. Ved enden av kanalen blir det støpt ein liten inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Inntaket får eit vassvolum på ca. 500 m³ og vil også fungere som sedimenteringsbasseng.

Røyrgate

Fra inntaket vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen i eit 1830 m langt tilløpsrøyr av duktilt støpejern. Røyret får diameter 0,6 m og vert lagt i grøft og overfylt med lausmassar på heile strekninga som blir arrondert for etablering av vegetasjon.

Rørtraseen går for ein stor del i tett skog (granplanting) og langs med eksisterande stølsveg.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert fundamentert på lausmasser nær inntil elva på kote 15 og avløpet vert ført tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 60 m^2 med enkel utforming og mønetak. Det er skissert at stasjonshuset kan bli tilpassa lokal byggeskikk med torvtak og utvendige veggar av trepanel.

For å unngå sjenerande støy frå kraftstasjonen, blir det gjort spesielle tiltak som dykking av avløpskanalen (vasslås) mv.

Elektriske anlegg

Det er planlagt installert ein Pelonturbin med effekt 1,8 MW med maksimal slukeevne $0,78\text{ m}^3/\text{s}$ og ein lågspentgenerator med effekt 2 MVA. Det blir vidare installert 1 stk hovudtransformator med effekt 2 MVA og med omsetning frå generatorspenning (lågspent) til 23 kV. Hovudtransformatoren vert plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del av bygget.

Veg

Det er føresett bygd ein 120 m lang tilkomstveg frå Rv 612 til kraftstasjonen og ein 200 m lang tilkomstveg frå eksisterande stølsveg til inntaket. Vegen til inntaket vil også kunne nyttast som skogsveg av grunneigarane.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

Hydrologiske verknader

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på $5,6\text{ km}^2$ ved inntaket og middelvassføringa er berekna til $0,48\text{ m}^3/\text{s}$. Avrenninga vil variere frå år til år med dominante haustflaumar. Lågaste vassføring opptrer mest vanleg om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 74 og 19 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 28 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til $0,78\text{ m}^3/\text{s}$ og minste slukeevne $0,05\text{ m}^3/\text{s}$. Det er ikkje foreslått slepp av minste vassføring.

Produksjon og kostnadar

Søkjær har berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i kraftverket til ca. 6,3 GWh/år fordelt på 2,67 GWh vinterproduksjon og 3,64 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadane er estimert til 12 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 1,90 kr/kWh med prisnivå frå 2008.

NVE har ikkje vesentlege merknader til utrekningane. Det vil likevel vere søkjær sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsemada i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige (24 daa) og permanente (2 daa) anlegg.

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er i fylge søknaden desse eigarane som skal stå føre utbygginga gjennom selskapet Hestenes Kraft AS.

Aksjeselskapet vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF). Dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket lyt ein sjå til at anlegget ikkje er i konflikt med kommunale arealplanar. Dette avklarast direkte medkommunen.

Samla plan (SP)

Prosjektet er under grensa for handsaming i Samla Plan og kjem ikkje i konflikt med andre prosjekt i Samla Plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje med i Verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket fører ikkje til tap av inngrepsfrie naturområdet.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg vart søknaden sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjonar, samt berørte partar for uttale. Høyringsuttalane vart sendt sokjar for kommentar. NVE var på synfaring i området 21.06.2010 saman med representantar for sokjar og kommunen.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulemper

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden årleg gje ca. 6,3 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.
- Prosjektet kan gi både lokalt og regionalt energitilskott, styrke grunnlaget for lokal næringsverksemd og bidra med inntekter til grunneigarar og såleis bidra til å styrke den lokale busettinga.

Ulempar

- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring i Storelva på utbyggingsstrekka. Utan minstevassføring vil utbygginga kunne vere negativ for biologisk liv i og langs elva og for fisk.

- Dei tekniske inngrepa vil i noko grad redusere opplevinga av elva med nærrområdet i anleggsfasen

NVE si vurdering

Det er søkt om løyve til utbygging og drift av Hestenes kraftverk i Storelva på Hestnesøyra i Gloppe kommune, Sogn og Fjordane fylke. Kraftverket vil få inntak i Storelva på kote 307 og kraftstasjon med avløp på kote 15. Det er også søkt om å overføre tre mindre bekkar til inntaket for kraftverket.

Dei fleste av uttalepartane er positive til prosjektet på nærmare fastsette vilkår.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Med ei maks slukeevne tilsvarannde 160 % av middelvassføringa vil det i lengre periodar gjennom året blir nærmast tørrlagt på elvestrekka nedanfor inntaket. Det vil berre blir overlaup i periodar med større tilsig. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 94 dagar i eit middels vått år. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 70 l/s ved kraftstasjonen.

NVE meiner at omsøkt slukeevne opprettheld noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk ved at det er overløp eit visst tal dagar i året. I eit midlare år vil det ofte være overløp i perioden mai – juli og i nedbørsrike periodar om hausten.

NVE har vurdert planlagt overføring av tre mindre bekkar som renn inn i Storelva eit kort stykke nedanfor inntaksdammen. Bekkane drenerar frå svært små felt og har ikkje årssikker vassføring. I eit midlare år vil tilsiget frå dei tre bekkane bidra med ein produksjon på ca. 0,8 GWh.

Biologisk mangfold

Det er gjennomført kartlegging av biologisk mangfold i tiltaksområdet. Biologisk mangfold rapport vert utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS i 2007. Det er ikkje registrert raudlista artar i tiltaksområdet. I rapporten er det tilrådd minstevassføring m.a. p.g.a. at mange insektslarvar har leveområdet sitt blant stein og grus i elva. Det blir vist til at sjølv om insektslarvane i seg sjølv ikkje er særleg sjeldne, så skal dei tena som mat m.a. for fossekall og fisk. I tillegg er det viktig at miljøet i elvekløfta får tilført tilstrekkeleg vatn og fukt også etter ei eventuell utbygging.

I rapporten blir det vist til at utrekna 5 persentilverdiar for sommar- og vintersesong som minstevassføring truleg vil vere høveleg som utgangspunkt for minstevassføringa. Som tiltak blir det peika på at det for å betra hekkevilkåra for fossekall etter ei eventuell utbygging, kan spesialkassar for fossekall monterast på minst ein, helst to stadar ved elva. Under bruar og eventuelle overheng ved fossar kan vera aktuelle stadar for plassering av hekkekassar. Ein bør montera to kassar på kvar stad. Dette er tiltak som fylkesmannen kan pålegge i medhald av standardvilkår som vert fastsett ved ein eventuell konsesjon.

Verknader på naturmiljøet

I rapporten om verknader ved utbygging og drift av kraftverket på biologisk mangfold er det konkludert slik:

"Naturverdiar: Innafor undersøkingsområdet er det avgrensa to verdfulle naturmiljø. Det er ikkje påvist raudlisteartar frå nokon artsgruppe i influensområdet. Storelva er ikkje rekna som ei lakseførande elv.

Omfang og verknad: *Tiltaket vil gje middels/lite negativt omfang for påviste naturverdiar. Mest målbare vil truleg dei negative verknadene tiltaket ha for botnfaunaen i elva, og dermed leve- og hekkevilkåra for fossekall og eventuelt vintererle. Truleg vil tiltaket også ha litt negativ verknad for fuktrevjande kryptogamar i elva etter ei eventuell utbygging. Samla vert verknadene av det planlagde tiltaket vurdert å vera lite/middels negative for dei kartlagde naturverdiane i området.*

Fisk og ferskvassbiologi

Elva har ei strekning på ca 350 m opp frå sjøen som blir definert som anadrom. Kraftverket vil, slik det er planlagt, ta ut vatn frå ca. 100 m av denne strekninga. Søkjar opplyser at det ikkje blir fiska noko særleg i elva, men at det kan vere sjøaure der.

Fylkesmannen viser til at det ikkje er i tråd med notidas krav til vasskraftutbygging å godta turrlegging av vassdrag. Mange vassdrag vert bygd ut og fylkesmannen føreset at det vert kravd minstevassføring som ivaretak ein viss biologisk funksjon i elva. I tilrådinga frå fylkesmannen blir det vist til at 5-persentilen er meir i tråd med miljøbasert vassføring enn alminneleg lågvassføring. Elvestrekka produserar også næringsdyr til sjøaure nedst i vassdraget. Fylkesmannen viser til at stadig fleire sjøaureførande vassdrag i Nordfjord vert påverka av vasskraftverk, og sumeffektane blir vurdert som lite oversiktlege. Fylkesmannen meiner av den grunn at det bør vurderast å installere ein omløpsventil i kraftverket slik at ikkje sjøaure nedanfor kraftverket vert påverka ved utfall.

NVE deler oppfatninga av at alle vassdrag med anadrom strekning bør ha såpass restvassføring at stammer av anadrom fisk kan sikrast overleving, og at tilhøva for naturleg rekruttering ikkje blir vesentleg redusert. Den viktigaste strekninga for sjøaure i Storelva ligg nedafor utløpet frå kraftverket. NVE er til dels samd med fylkesmannen i at det i slike vassdrag som har ei sjøaureførande strekkje av ei viss lengde bør takast omsyn gjennom å påleggje avbøtande tiltak. NVE vil difor ved ein eventuell konsesjon gje pålegg om at kraftverket lyt byggjast med ein omløpsventil, om enn ikkje så stor som det fylkesmannen ber om. Eit slik krav saman med pålegg om minstevassføring, vil etter vårt syn ivareta tilhøva for anadrom fisk på ein god måte.

Ovafor anadrom strekning har fisket etter vårt syn avgrensa verdi og tiltaket vil på denne strekkja ikkje ha nemnande konsekvens slik vi ser det så lenge det er krav om minstevassføring i elva heile året.

Flora og fauna

Området er skogkledt med bjørk og furu som vanlegaste treslag i tillegg til store granplantefelt som dominerer influensområdet. Lav- og mosefloraen verkar triviell og karplantefloraen er artsfattig. Det er ingen truga vegetasjonstypar i området. Faunaen i området er omtalt som ikkje spesielt rik og det er ikkje observert raudlista arter. Vanlege pattedyr er hjort, mår, røyskatt, rev og hare og av fuglar er kråke, ramn og trast utbreidd.

Det er ikkje påvist raudlisteartar for nokon artsgruppe i dette området. Det vert i fagrapporten om verknader for biologisk mangfald rådd til minstevassføring tilsvarande 5-persentilen. Det vert vurdert slik at dette vil føre til at bekkeklofta kan oppretthalde eit fuktmiljø. I fagrapporten er det vurderinga at ei ev. utbygging ikkje i vesentlege grad vil gje negative verknader på naturmiljøet.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova vart gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Lova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna ”føre-varprinsippet” og prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfaldlova legg føringar for myndigheter der det vert gjeve løyve til anlegg som vil kunne få verkand for naturmangfaldet. Etter NVE sitt syn vert føremålet i naturmangfaldlova i praksis ivareteke gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak etter vassressurslova.

I NVE si vurdering av søknaden om utbygging av Hestenes kraftverk legg vi til grunn krav etter §§ 4 og 5 og §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Eit positivt vedtak må bygge på at fordelar og nytte av å gjennomføre tiltaket blir vurdert til å være større enn skade eller ulempe for allmenne og private interesser. Verknader som tiltaket kan medføre for naturmangfaldet er eit sentralt tema i denne vurderinga.

Det ikkje påvist verdifulle natur- eller vegetasjonstyper i planområdet. Det vart ikkje påvist raudlista artar i bekkeklofta. Etter NVE si meining vil restvassføringa saman med slepp av minstevassføring som minimum tilsvavar alminneleg lågvassføring gjennom heile året, vere tilstrekkeleg til å oppretthalde naturmiljøet i elva på utbyggingsstrekka. Etter NVE si meining vil då ei utbygging ikkje vere i konflikt med naturmangfaldlova § 4.

Det er registrert fossekall og linerle i tiltaksområdet. Dersom utbyggingstrekka er nytta til hekking, vil det vere avgjerande om det vert sleppt minstevassføring. NVE syner til § 5 om forvaltningsmål for artar, og meiner at gode levekår for fossekall og andre artar knytt til elvestrenget i rimeleg grad vil kunne verte ivareteke gjennom slepp av tilstrekkeleg minstevassføring dersom det vert gitt konsesjon.

Det har ikkje kome andre innvendingar til søknaden med rapporten om biologisk mangfaldundersøking. NVE legg med dette til grunn at det er eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne fatte vedtak i sak, jf. naturmangfaldlova § 8. § 9 i same lov har då ikkje relevans.

Etter § 10 om samla belastning skal ein sjå fleire inngrep i eit område i ein heilskap. Etter NVE si oppfatning så er verknader for biologisk mangfald ved det omsøkte tiltaket så avgrensa at det i mindre grad er aktuelt å gjere ei slik vurdering då konsekvensane etter vår vurdering ikkje strekkjer seg ut over influensområdet for tiltaket så lenge det vert teke omsyn til sjøaure med krav om omløpsventil i kraftverket. Vi syner elles til våre merknader lengre bak under avsnittet ”samla belastning”.

Etter Naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade som ei utbygging kan påføre naturmangfaldet dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. Ved ein ev. konsesjon vert det gitt eit sett med vilkår som ivaretek dette prinsippet, men vi kan her syne til det som er nemnd ovanfor om omløpsventil av omsyn til å ivareta tilhøva for sjøaure nedanfor kraftverket

Det følgjer av § 12 i naturmangfaldlova at det skal nyttast driftsmetodar og teknikk som unngår eller avgrensar skade på naturmangfaldet, som ut frå samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir det beste samfunnsmessige resultat. Dersom det blir gitt konsesjon er dette forhold som vert ivareteke gjennom godkjenning av detaljplan for anlegget og vidare, oppfølging av anlegget i bygge- og driftsfasen.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Storelva får tilsiget frå Hestedalen og fjellområdet mellom Hyefjorden og Gloppefjorden. Dei nedre delane er skogkledt og området ved sjøen er prega av busetting og landbruk. Fjellområda er nakne og typisk for midtre Nordfjord. Det er bygd skogsvegar og det går ei større kraftlinje (66 kV) gjennom dalen.

Den nedre delen av elva som vert berørt av utbygginga, renn i eit trangt gjel med mykje skog og er lite markert i landskapet. Heile dette området er prega av store granplantingar og skogsdrift.

Dei tekniske anlegga som utbygginga medfører er små og avgrensa og det blir vurdert slik at dei berre i mindre grad vil få verknad for landskap og friluftsliv.

Elva ligg vendt mot fjorden, men den er lite synleg. Det er veg opp til Hestenesstøylen som ligg eit stykke ovanfor inntaket. Vegen går nær elva på deler av utbyggingsstrekka, men det dominante landskapsbildet er tett granskog mellom vegen og elva. Inntaket er lokalisert eit stykke frå den eksisterande vegen og vil ikkje bli synleg før heilt nært innpå. Kraftstasjon blir plassert i eit område som er dominert av landbruksdrift. Det er elles små friluftsinteresser knytt til influensområdet. Sogn og Fjordane turlag har ikkje vesentlege merknader til prosjektet, men peikar på vilkår om minstevassføring og detaljar knytt til ma. plassering av inntak og om planlagt inntak av sidebekkar skal gjennomførast.

Etter NVE sin vurdering vil utbygging av Hestenes kraftverk berre gje avgrensa negative verknader for landskap og friluftsliv. Det må ventast at anleggfasen med etablering av røyrgate, inntak og kraftstasjonsbygg vil strekke seg over omlag eitt år. Når denne er avslutta vil alle terrenngrep verte stelt i stand og det vert lagt til rette for gjengroing av berørt areal. Med god planlegging for byggearbeida og oppfølging i anleggstida, meiner NVE at desse verknadene er såpass avgrensa at dei er akseptable. Ei eventuell utbygging blir fylgd opp av NVE gjennom tilsyn og godkjenning av detaljplanar for anlegget i medhald av vilkår i konsesjonen.

Fleire av høyingspartane har peika på at det må sleppast minstevassføring forbi inntaket gjennom heile året. Både Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen meinar at det må fastsettast minstevassføring som minst tilsvrar utrekna 5-persentilverdiar for sommar-/vintersesong (74 l/s/19 l/s).

NVE viser her til at fastsetting av minstevassføring vil vere ein del av vilkåra dersom det vert gjeve konsesjon, og at nivået på minstevassføring i seg sjølv ikkje er avgjerande for vår konklusjon.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

I høyingsfråsegner er det vist til at det er etablert fleire vassuttak frå Storelva for lokal vassforsyning og at det ved ei ev. utbygging må sikrast alternativ vassforsyning og vatn med fullgod kvalitet.

Kommunen tilrar i si fråsegn m.a. at det:

"blir stilt krav om tilfredsstillande minstevassføring og at Eikenes vassverk og Hestenes vassverk vert sikra både rikeleg vatn og vatn av god kvalitet, både i utbyggingsfasen og seinare."

Søkjar har i sine kommentarar vist til at det vert lagt opp til å sikre vatn til dei to nemnde vassverka ved uttak frå turbinrøyret. Om det blir fastsett minstevassføring for kraftverket blir det antyda i søkjar sine kommentarar at det vil vere tilstrekkeleg restvassføring for å sikre vatn til dei to vassverka.

Etter NVE si vurdering er vassuttaket så avgrensa at det ikkje er nødvendig å ta særskilt omsyn til dette ved fastsetting av minstevassføring. Om det i staden vert lagt til rette for vassuttak frå turbinrøyret har ikkje NVE særskilte merknader til dette. NVE vil likevel påpeike at det vil vere søkjar sitt ansvar at vassmengde til drikkevatn og same vasskvalitet vert opprethalde både i anleggs- og driftstida ved ei ev. utbygging.

Støy

NVE har motteke innspel frå naboor til ein ev. kraftstasjon som er opptekne av at det blir stilt vilkår om tilstrekkeleg støydemping frå drift av kraftverket. Gloppe kommune har tilsvarende krav med i si fråsegn til prosjektet. NVE vurderer det som viktig av det blir teke omsyn til dette og at det ved utarbeiding og godkjenning av detaljplanar for anlegget, blir vist korleis konsesjonären vil sikre ei fullgod løysing.

Private rettar

Frå grunneigarar til Devik og til g/brnr 32/ b-nr 4 ligg det føre fråsegn der det blir vist til at det kan vere tilhøve mellom berørte grunneigarar som ikkje er heilt avklara. NVE ser ikkje at tilhøva som er omtala er av ein slik karakter at dei vil vere avgjerande for ei avgjerd om konsesjon eller ikkje. NVE finn her å legge til grunn at dei aktuelle spørsmåla, som mest er av privatrettsleg karakter, finn si løysing i avtale mellom dei aktuelle partane.

Samla belastning

Den samla belastning utgjer her konsekvensane av fleire vasskraftanlegg innafor eit geografisk avgrensa område. Sjølv om det enkelte utbyggingsprosjekt kan ha relativt avgrensa verknadar for miljø og andre brukarinteresser, kan dei samla effektane av mange slike prosjekt få større konsekvensar.

Gjennom konsesjonshandsaming må NVE vurdere den samla belastning av vasskraftutbygging i eit geografisk avgrensa område. Dette kjem klart fram i forarbeida til vassressurslova i Ot. Prp.nr. 39 (1998-1999), side 105 og OED sine retningslinjer for små vasskraftverk (juni 2007), samt i naturmangfaldlova § 10 ”Økosystemtilnærming og samlet belastning”.

NVE sin konsesjonshandsaming av små vasskraftverk skal følgje OED sine ”Retningslinjer for vannkraftverk”. Det er uttalt i retningslinjene at ”*inngrep som kan gi uheldige sumvirkninger og som kan påvirke totalopplevelsen av fjordlandskapet (landskapsrommet) negativt bør i hovudsak unngås*”

Hestenes kraftverk er lokalisert til utløpet av Hyefjorden. Skjerdal kraftverk er bygt ut og er i drift rett over på andre sida av Hyefjorden. Etter NVE sitt syn vil likevel ikkje verknader ved utbygging og drift av Hestenes kraftverk vere av slikt omfang at det i nemnande grad vil påverke eller endre status for sumverknadar for landskap, miljø eller andre interesser i regionen dersom det vert fastsett vilkår ved ei utbygging slik som omtala nærare ovanfor.

Oppsummering

Ei utbygging etter framlagte planar vil gi om lag 6,3 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon. Krav om ei viss minstevassføring vil redusere dette noko, ca. 0,6 GWh dersom det vert sett krav slik som mellom anna fylkesmannen ber om. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om

dette isolert sett ikkje er ein vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer ny produksjon frå småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang de seinare år. Dei siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny fornybar energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ein eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av stor verdi eller dersom de kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast konsesjon til tiltaket. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi. Tiltaket vil også gi varige inntekter til søker, grunneigarane og kommunen.

Med ei utbygging av det planlagde kraftverket der det blir lagt vekt på eit godt landskapsmessig resultat og med krav om minstevassføring på utbyggingsstrekka og omløpsventil i kraftverket, meiner NVE at konsekvensane ved utbygginga vil vere akseptable for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av omsøkt utbyggingsplan og innkomne fråsegner, meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Hestenes Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til utbygging og drift av Hestenes kraftverk med overføring av tre sidebekkar. Løyvet blir gjeve på nærmere fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Hestenes kraftverk har lagt fram planar om installasjon av elektrisk høgspentanlegg som inneber 150 m jordkabel med spenning 23 kV mellom kraftstasjon og eksisterande linjenett.

Sogn og Fjordane Energiverk Nett AS er områdekonsesjonær og skal i følgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenttilknyting til 23 kV nett. Det er i søknaden vist til at eksisterande 23 kV linje til Sandane er planlagt opprusta i samband med bygging av småkraftverk i området.

Nødvendige høgspentanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknyting er på plass før byggjestart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Verknadene av linjetilknytinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Minstevassføring

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon Hestenes kraftverk og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	480
Alminneleg lågvassføring	l/s s	28
5-persentil sommar	l/s	74
5-persentil vinter	l/s	19
Største slukeevne	l/s	780
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	160
Minste slukeevne	l/s	50

I søknaden har tiltakshavar lagt opp til at det ikkje skal sleppast minstevassføring forbi inntaket i Storelva.

I høyringsfråsegner til søknaden er det peika på at det vil vere negativt med tørrlegging av elva og det er eit gjennomgåande krav at det ved ein eventuell konsesjon må settast vilkår om minstevassføring. Det er ingen som har påpeika særleg behov for minstevassføring i sidebekkane.

I fråsegsna frå fylkesmannen, kommunen og fleire andre er det drøfta vilkår om minstevassføring som tilsvrar utrekna 5-persentilverdiar både for sommar- og vintersesong.

Det er NVE si vurdering at det av omsyn til allmenne interesser knytt til elva ikkje vil vere aktuelt å gje løyve til ei utbygging utan vilkår om minstevassføring. NVE meinar også at det må sleppast minstevassføring til Storelva gjennom heile året, men med differensiering mellom sommar og vinter.

Med grunnlag i elva sin storleik, utrekna middelvassføring, alminneleg lågvassføring og viktige interesseområde, er det NVE si vurdering at det blir fastsett vilkår om minstevassføring slik:

I perioden 1. mai til 30. september 75 l/s og for resten av året 20 l/s. Ei slik minstevassføring vil medføre at produksjonen i eit middels år vil bli ca 5,7 GWh, noko som er ein reduksjon på ca 0,6 GWh i høve til det som er rekna med i søknaden (utan minstevassføring). Sidebekkane har små felt utan årssikker vassføring, og NVE finn ikkje grunnlag for å sette krav om minstevassføring i desse.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring i vilkåra, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen.

På dei stadane der det er vilkår om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om fastsett vilkår som allment er lett synleg. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE meiner som nemnd at det bør fastsettjast krav om installering av ein omløpsventil. Vi har merka oss at det er eit visst restfelt som vil gje eit bidrag over året på gjennomsnittleg 70 l/s i tillegg til fastsett minstevassføring. NVE meiner at eksakt storlek på omløpsventil kan gjerast som del av detaljplanlegginga for anlegget, men den skal ikkje vere større enn maksimalt 50 % av installert slukeevne under noko omstende.

NVE presiserer at start-/stoppkøring av kraftverket ikke skal førekommme. Kraftverket skal driftast jamt og i takt med tilsiget. Inntaksbassengen skal ikke nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små vasstandsvariasjonar knytt til ordinær drift av kraftverket.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknadar ovanfor, under avsnittet forholdet til energilova. NVE vil ikke godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordeling er avklara, jf. våre merknadar ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnadar:

Inntak (kote)	moh ca 307
Kraftstasjon (kote)	moh 15
Installert effekt	1,8 MW
Største slukeevne	780 l/s
Minste slukeevne	50 l/s
Omløpsventil	Storleik fastsettast som del av detaljplangodkjenninga, men den skal ikke vere meir enn halvparten av maksimal slukeevne
Vassveg	Lagt i grøft og overdekka med lausmasse
Veg	permanent

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet anleggsarbeidet tek til.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Turlaget har i si fråsegn bedt om at endra plassering blir vurdert. NVE har vurdert dette nærrare, men ser ikke no at justert plassering vil vere noko nemnande betre enn den som er planlagt, men dette kan avgjerast endeleg som del av detaljplangodkjenninga.

Det same gjeld små endringar knytt til installert effekt og maksimal slukeevne. Det skal gå tydeleg fram av detaljplanane om det er endringar i desse verdiane i høve til kva som er fastsett her. Vi gjer merksam på at anlegg som er bygd utan å vere i samsvar med konsesjon og/eller godkjende detaljplanar ikke har rett til elsertifikater.

Røygata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikke godkjenner anna av miljømessige omsyn.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknader frå fylkeskommunen kjem inn under dette vilkåret. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. vilkåra pkt. 3).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar, gjennomføre andre biotopjusterande tiltak og oppreinskingar i elveløpet dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Det må søkjast Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter ureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter ureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skade og ulempe ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekosten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnytten av inngrepet til å vere større enn skade og ulempe ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadene er vurdert.